



Arkivnr: 2014/16906-1
Saksbehandlar: Brit Mari Heggøy

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		11.06.2014
Fylkestinget		11.06.2014

Forslag frå Tom Skauge (SV) om Nelson Mandela-plass

Samandrag

I fylkestinget i desember 2013 gjorde representanten Tom Skauge, SV, framlegg om at fylkeskommunen skulle oppmoda Bergen kommune om å gi eit byrom namn etter Nelson Mandela. Bergen bystyre har behandla tilsvarende forslag og vedteke følgjande:

«Bergen bystyre mener at gatenavn og plasser skal ved bruk av personer ved navngivning, oppkalles etter personer med tilknytning til Bergen.»

Fylkesrådmannen finn ikkje grunnlag for å gå vidare med saka.

Forslag til innstilling

Saka vert teken til orientering.

Johnny Stiansen
fung. fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 26.05.2014

I møteprotokollen frå fylkestinget i desember 2013 er det tatt inn følgjande:

«**Tom Skauge** sette fram slikt forslag til fråsegn:

"I denne uken da verden tek farvel med Nelson Mandela oppmodar fylkestinget Bergen bystyre til å gje eit byrom Nelson Mandelas navn."

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetshandsamast på slutten av tingsetet.

Fylkestinget vedtok mot 32 røyster (V, A, KrF, Sp, SV, MDG) at forslaget ikkje skulle realitetsbehandlast.

Skauge bad om at saka vert teke opp på neste møte.»

Fylkesrådmannen si vurdering

Representanten Skauge sitt forslag inneber at fylkeskommunen på eige initiativ skal gi forslag til Bergen kommunen om namnesetjing av område i kommunen. Fylkesrådmannen ser det ikkje som naturleg at fylkeskommunen generelt kjem med oppmoding til kommunen om namnesetjing av byrom.

I tilfelle der byrommet eller plassen hadde tilknytning til fylkeskommunale institusjonsbygg, ville det vera naturleg at fylkeskommunen fekk koma med synspunkt og innspel.

Sosialistisk Venstreparti har reist tilsvarande forslag i Bergen kommune vedr. å namngi promenade, gate eller plass etter Nelson Mandela. Bystyret behandla forslaget 20.05.2014 og gjorde slikt vedtak:

«Bergen bystyre mener at gatenavn og plasser i Bergen skal ved bruk av personer ved navngivning, oppkalles etter personer med tilknytning til Bergen.

Merknad 1

Bystyret fremhever at Menneskerettighetenes plass på Nygårdshøyden sikrer at forkjempere for menneskerettigheter fra hele verden fremheves og verdsettes i Bergen by.

Merknad 2

Bystyret mener at tilknytning til Bergen bør ligge til grunn ved bruk av navn til gater i tilfeller hvor personen er fra andre steder enn Bergen og Norge.

Merknad 3

Bystyret mener at bystyret bør vurdere å lage retningslinjer for tildeling av navn på gater, som sikrer at nye navn ikke plasseres på en liste og får vilkårlige gater oppkalt etter seg.»

Fylkesrådmannen finn etter dette ikkje grunnlag for å gå vidare med saka.